

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 8.april 2019

Status og framdrift: Revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna)

Notatet skisserer korleis vi har tenkt å kome i mål med revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter, forkorta til handelsføresegna. Prosessen tek utgangspunkt i dei føresetnadane som vart sett gjennom vedtak av planprogrammet i FU 03.12.18, sak 136/18.

Utgangspunktet for revisjonen er at ein ønskjer ein føresegn som er tydelegare, som byggjer opp om gode og levande tettstader og ikkje er til hinder for handelsutvikling i tettstadane. Samstundes skal den sikra god balanse i høve miljø, regional konkurranse og arealbruk.

Endra ressursar i administrasjonen gjorde at vi i des.-18 bad om tilbod frå tre firma om å kunne bidra i planarbeidet. På nyåret fekk vi tilbakemelding om at ingen av dei hadde høve til dette. Eit nytt firma vart førespurd, og kontrakt vart signert. Dette har gjort sitt til at arbeidet er noko forseinka i høve opphavelig framdriftsplan.

Kunnskapsgrunnlaget er no ferdigstilt, og arbeidet med konsekvensutgreiinga er i gang. Vi er midt i medverknadsprosessen, som m.a. inkluderer eit webinar, retta mot folkevalde og planfaglege personar i kommunane, samt lokale handels- og sentrumsorganisasjonar – men elles ope for alle [Webinar om handel og tettstadutvikling](#). Vi har hatt møte med Ungdomspolitisk utval, der vi fekk gode innspel til prosessen, og der dei foreslo korleis involveringa frå ungdom kan skje. Det er òg sendt ut eit spørjeskjema, quest back, til kommunar (folkevalde og administrasjon, lokale handels- og sentrumsorganisasjonar og ungdomspolitikarar). Det vil òg bli møte med interne og eksterne fageiningar/-etatar før utkast til revidert handelsføresegn ligg føre.

I revidert utkast til handelsføresegn vil det ikkje bli lagt opp til arealavgrensingar på etableringar innafor sentrumsavgrensinga i fylkessenter, regionsenter og BAS-senter. Det vert og lagt opp til ei forenkling og tydeleggjering av definisjonar og omgrep. Prosessen/framdrifta er no lagt opp slik:

Tid	Kven	Aktivitet
03.12.18	Fylkesutval	Planprogrammet vedtatt av fylkesutvalet
Byrjinga av mars-19	Nordplan	Frist for ferdigstilling av kunnskapsgrunnlaget
15.03.19	Plansjef	Møte med ungdomspolitisk utval
19.03	Plansjef	Webinar «Handelsetablering og attraktive tettstadar»
21.03.19	Plansjef	Utsending av spørjeskjema til kommunane, folkevalde og lokale handels- og sentrumsorganisasjonar
02.-11.04.19	Plansjef	Møte med interne og eksterne fagetatar og -einingar
12.04.10	Nordplan	Frist for ferdigstilling av konsekvensutgreiingar
09.05.19	Fylkesutvalet	Handsame planutkast for utlegging på offentleg høyring
31.07.19	Eksterne	Høyringsfrist
02.10.19	Fylkesutvalet	Handsame planutkast med innstilling til fylkestinget
08.10.19	Fylkestinget	Vedta revidert plan

Dette til fylkesutvalet si orientering.